

Emnerapport (2024 haust)

Emnekode og namn: NOR-NYN – Nynorsk for utanlandske studentar

Faglærer si vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring:

NOR-NYN er eit emne i nynorsk for utanlandske studentar. Emnet har 36 undervisningstimar fordelt på 18 kursdagar, og avsluttande eksamen er skriftleg skuleeksamen på 3 timar. Emnet har 75 % obligatorisk oppmøte og gir 7,5 studiepoeng. Studentane må også levera tre skriftlege oppgåver på ca. 300 ord i løpet av kurset. Desse oppgåvene er baserte på tema som vert gjennomgått på kurset, og dei er stort sett knytt til språkhistorie og språkpolitikk i Noreg.

Hausten 2024 var det éi gruppe på NOR-NYN, slik det også har vore dei tidlegare semestera. Kravet for å koma inn på emnet er forkunnskapar i bokmål tilsvarande trinn 2, men mange av studentane som tok NOR-NYN hausten 2024 var på eit høgare språkleg nivå enn det, og dei fleste hadde alt trinn 3 eller tilsvarande. Nokre kombinerte NOR-NYN med trinn 4, det gjaldt særleg skandinavistikk-studentar, medan andre var tilsette på UIB som ønskte å få ei innføring i nynorsk for jobben sin del. Nokre av dei tilsette hadde budd og jobba i Noreg i nokre år alt.

Ein generell tendens ved studentmassen på NOR-NYN, også hausten 2024, er at dei er svært interesserte i norsk språk, noko som er grunnen til at dei ønsker å læra eit anna skriftspråk enn bokmål. Fleire seier også at dei vil læra nynorsk for å forstå betre (vest)norske dialektar. Det er ikkje så mange studentar som tek dette emnet, men dei som gjer det, kjem vanlegvis til dei fleste timane og leverer oppgåver innan fristen. Sidan det er ei litt mindre gruppe enn dei ordinære bokmålskurser, er det også mogleg å ha ein del skrivetrening i timen, der faglæraren rettar tekstane deira etterpå og studentane kan også få meir individuell oppfølging. Slik var det også hausten 2024, då me brukte ein del av tida på kurset til å skriva individuelt og i grupper og også omsetja setningar saman. Dette var studentane positive til. Elles var det ein del gjennomgang av grammatikk og samanlikning av vokabular på nynorsk og bokmål, og i tillegg jobba me med «fyll ut»-oppgåver og enkel omsetjing, både på kurset og i heimeleke.

Faglærer si vurdering er at gjennomføringa av kurset var god, og tilbakemeldingane (sjå under) tyder også på det. Det er litt lite tid for å setja seg skikkeleg inn i nynorsk, og nokre av studentane etterspurde fleire tilbod i nynorsk for å læra meir. Likevel er 36 timar nok til at dei fleste klarar å skriva nynorsk på om lag B2-nivå, sidan dei jo kan bokmål godt frå før, og studentane uttrykkjer også at særleg leseforståinga i nynorsk vert betre etter dette emnet.

Strykprosent og fråfall:

Det var ni studentar som fylgde kurset hausten 2024. Ein av dei trakk seg frå eksamen før trekkfristen 14 dagar før. Dei andre åtte var oppmelde til eksamen, og fem av dei møtte. Dei tre som ikkje møtte, hadde gitt beskjed om det til faglærer.

Karakterfordeling:

Det var fem studentar som tok eksamen på NOR-NYN hausten 2024, og karakterane fordelte seg slik: A – 3, B – 1 og C – 1. Gjennomsnittskaracteren vart då B. Tre oppmelde studentar møtte ikkje på eksamen.

Studieinformasjon:

Mitt UiB, kunngjeringar og e-post vart brukt til kommunikasjon mellom administrasjon og kursdeltakarar og mellom læraren og kursdeltakarane.

Tilgang til relevant litteratur:

Pensum på kurset var *Praktisk nynorsk for lærarstudentar* av Olaf Almenningen, Aud Søyland og kapittel 5–7 i *Tekst i tid og rom – norsk språkhistorie* av Hildegunn Otnes og Bente Aamotsbakken, i tillegg til nokre utleverte tekstar. Det var uproblematisk å få tilgang til denne litteraturen, som til dømes var til sals på Akademika på Studentsenteret. Lærarpresentasjonar, ekstraoppgåver, grammatikk, lenker til nettressursar, tidlegare eksamensoppgåver og liknande vart lagt på Mitt UiB.

Faglærer is vurdering av rammevilkåra

Lokale og undervisningsutstyr:

NOR-NYN hadde undervisning på rom 304B på Sydneshaugen skule, og det var eit godt rom med mykje plass for denne gruppa. Det var positivt å ha same undervisningsrom kvar gong. Det meste av utstyret fungerte ok, men nokre gonger var det vanskeleg å få kopla opp projektoren og visa presentasjonar på lerretet. I dei tilfella måtte IT-vakta kome, og dette tok litt av tida, særleg i starten av semesteret. Det hadde vore ein fordel om utstyret på alle undervisningsromma på Sydneshaugen skule vart sjekka grundig før semesterstart.

Faglærer sin kommentar til student-evalueringa

Metode – gjennomføring:

Det vart sendt ut ei elektronisk spørjeundersøking i *SurveyXact* til alle som var oppmelde på emnet. Fire studentar svarte på undersøkinga, og ein femte sende ein e-post med sine tilbakemeldingar litt etterpå. I tillegg diskuterte faglærer emnet med studentane både undervegs og til slutt. Sidan det var få studentar, vart kurset også tilpassa litt undervegs etter dei tilbakemeldingane dei kom med, særleg på val av aktivitetar (fyrst og fremst meir skriving og grammatikkoppgåver).

Oppsummering av innspel:

Av dei fire studentane som svarte på undersøkinga, meinte to at kurset var «utmerka», ein svarte «veldig bra» og ein svarte «bra». Dei nemnde at skriftlege oppgåver og tilbakemeldingar frå læraren var særleg nyttig, i tillegg til grammatikkoppgåver. Dei ville gjerne hatt litt meir grammatikk- og vokabularoppgåver og litt mindre gruppearbeid i timane. Den studenten som svarte på e-post, skreiv også at hen var nøgd med kurset, men at hen

gjærne ville hatt meir om vokabular og skriftleg trening, og mindre om språkhistorie og språkpolitikk. Dei som skreiv noko eksplisitt om lærebøkene i det opne feltet i undersøkinga, skreiv at dei var nøgde med begge lærebøkene på kurset .

Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til forbetringstiltak:

NOR-NYN er eit emne for litt spesielt språkinteresserte studentar (og tilsette), og emnet fungerer godt for det det er laga som: nemleg ei innføring i nynorsk grammatikk, språkhistorie og språkpolitikk, i tillegg til å gi lese- og skrivetrening i nynorsk. Det er vanleg at det er litt færre studentar på NOR-NYN enn på dei ordinære norskkursa, men dei som kjem, er ofte svært engasjerte og motiverte, og slik var det også hausten 2024. Det var eit godt klassemiljø, og studentane fortalde ofte om saker dei hadde lese i avisene, eller skilt og tekstar dei hadde sett på nynorsk, og tok med seg ulike språklege og meir språkpolitiske spørsmål til kurset.

Hovuddelen av kurset var ein gjennomgang av nynorsk grammatikk (ordklasse for ordklasse) i samanlikning med bokmål, og alle studentane uttrykte at dei likte denne systematiske gjennomgangen (basert på læreboka *Praktisk nynorsk for lærarstudentar*). Det fungerte også veldig godt med skriftlege innleveringar og ekstra skriveoppgåver i klasserommet. Studentane var også jamt over engasjerte i delen om språkhistorie og diskusjon rundt språkpolitikk, men dei hadde litt ulike førekunnskapar og interesser her. Nokre hadde student skandinavistikk lenge i utlandet, og ville læra meir om språksituasjonen i Noreg, medan andre kom frå heilt andre fagfelt og var mest interesserte i praktisk nynorskopplæring. Dei var altså litt delte i synet på kor omfattande delen om språkhistorie og språkpolitikk burde vera, og nokre ønskte ein litt kortare gjennomgang og meir fokus på skiving og vokabular. Andre påpeikte at den språkhistoriske delen var veldig nyttig for å forstå dagens språksituasjon. Likevel er det viktig å tenkja vidare på kor mykje av NOR-NYN som skal ha vekt på å læra *om* nynorsk før og i dag, og kor mykje som skal vera praktisk opplæring *i* nynorsk. Hausten 2024 var den praktiske delen størst, men alle skriveoppgåvene vart til dømes knytt til tema frå innhaldsdelen.

Det er positivt at faglærar har moglegheit til tett oppfølging av studentane i ei mindre gruppe, men det ville likevel vera bra å få rekruttert litt fleire studentar til kurset. Det er særleg skandinavistikk-studentar som deltek, men tilbodet er også godt eigna for internasjonalt tilsette på UiB. Det ville vera bra om informasjon om NOR-NYN kom endå tydelegare ut til tilsett-gruppa, og også til studentar som kjem frå heilt andre fagfelt enn norsk. Hausten 2024 vart det lagt ut tips om kurset på Mitt UiB like etter semesterstart, og kanskje bør dette også koma endå tydelegare fram i samband med søknadsfristar før semesterstart. Sjølv om studentmassen ikkje er så stor, er det stabilt 5-6 studentar som tek eksamen kvart semester. Og det er sjølvsagt viktig at Universitetet i Bergen, midt i nynorskområdet på Vestlandet, kan tilby også nynorskkurs til internasjonale studentar og tilsette, ikkje berre kurs på bokmål.